



Årdal kommune

Telefon: 57 66 50 00

E-post: postmottak@ardal.kommune.no

Hjemmeside: <http://www.ardal.kommune.no>

Konsesjonsfritak ved kjøp av fast eigedom - eigefråsegn

Rettleiing

Opplysningar om kjøpar:

Er det fleire som tileignar seg eller kjøper eigedommen saman (sameigarar), må kvar enkelt fylle ut eige skjema.

Om du berre overtek ein sameigedel, skal det førast opp kor stor del av eigedommen du tek over.

Erklæring om konsesjonsfridom på grunn av slektskap/ekteskap/svogerskap/uskifte-Landbrukseigendom med buplikt

Alternativet gjeld om du tek over landbrukseigedommen frå nær familie eller har odelsrett til eigedommen. Eigedommen må ha meir enn 25 dekar fulldyrka/overflatedyrka jord eller må bestå av meir enn 500 dekar produktiv skog. Kommunen vil kunne hjelpe til med å berekne arealgrunnlaget. Du kan også sjekke arealgrunnlag på Internett: www.skogoglandskap.no/temaer/gardskart

Det er eit krav at eigedommen har bygning(ar) som er eller har vore i bruk som heilårsbustad, eller bygning(ar) som er tillaten oppført som heilårsbustad, men ikkje har vore brukt som det, eller bygning(ar) under oppføring der det er gitt løyve til oppføring av heilårsbustad.

Nær familie:

Det blir rekna som nær familie dersom du er ektefelle av den tidlegare eigaren, sambuar jf arvelova § 28 a, eventuelt har teke over eigedommen i uskifta bu, eller er i slekt med tidlegare eigar eller ektefelle til tidlegare eigar i rett opp- eller nedstigande linje eller i første sidelinje til med barn av sysken (nevø/niese) eller er i svogerskap.

Buplikt:

Det er eit vilkår for konsesjonsfridommen at du flyttar inn på eigedommen innan eitt år etter at du overtok, og bur der i minst fem år. Har du teke over eigedommen frå avdød ektefelle, eller sit i uskifta bu, skal eventuell butid som er gjennomført før overtakinga, reknast mot buplikttida.

Odel:

Om du har odelsrett til eigedommen, kryssar du av for det.

Erklæring om konsesjonsfridom på grunn av slektskap/ekteskap/svogerskap/uskifte-Annan eigendom

Alternativet gjeld same kva slags eigedom du har teke over, unnateke landbrukseigedom. Du må ha teke over frå nær familie. Sjå det som står om nær familie ovanfor..

Erklæring om konsesjonsfrihet p.g.a. karakteren til eigedommen - Bebygd areal

Gjeld dersom du har teke over ein bebygd eigedom som ikkje er større enn 100 dekar

og heller ikkje har meir enn 25 dekar fulldyrka og/eller overflatedyrka jord. Høyrer det sameigepart til eigedommen, skal den forholdsmessige parten av arealet til sameigeparten leggjast til totalarealet. Eit vilkår for konsesjonsfridommen er at du ikkje gjer bruksendring i strid med plan.

Erklæring om konsesjonsfridom p.g.a. karakteren til eigedommen -Ubebygd tomt til bustad/ fritidsformål og ubebygd tomt i område til busetnad og anlegg

Alternativa gjeld om du har teke over tomt(er) til bustad- og fritidsformål som kan byggjast ut

med eitt hus med maksimalt to bustadeiningar. Det er eit vilkår at tomta eller tomtene blir bygde ut innan 5 år. Om det ikkje skjer, vil det utløyse konsesjonsplikt.

Punktet " Ubebygd tomt til bustad/ fritidsformål" gjeld tomter som ikkje ligg i område som i arealdelen

til kommuneplanen eller reguleringsplan er lagt ut til busetnad eller anlegg. Dette vil for det meste gjelde tomter som ligg i område som i arealdelen til kommuneplanen er utlagd til landbruks-, natur- og friluftsområde dessutan reindrift (LNFR).

Punktet " Ubebygd tomt til bustad/ fritidsformål i område til busetnad og anlegg"

gjeld tomter som i kommuneplan/reguleringsplan er utlagde til byggeområde, og der tomteinndelinga er godkjend.

Erklæring om konsesjonsfriso m p.g.a. karakteren til eigedommen - Andre ubebygde areal Gjeld dersom du har teke over ubebygd areal som er regulert til anna enn landbruks-, natur, og friluftsområde samt reindrift (LNFR), inklusive tomter til bustad- og fritidsformål som kan byggjast ut med meir enn to bueiningar, samt alt areal som i kommuneplan er lagt ut til bebyggelse og anlegg. Eit vilkår for konsesjonsfridommen er at du ikkje gjer bruksendring i strid med plan.

Konsesjonsfridommen dokumenterer du ved å fylle ut punkta 1, 2, 8 og 9. I tillegg må kommunen stadfeste i punkt 10 at tileigninga/kjøpet er konsesjonsfritt, og at tileigninga/kjøpet ikkje fører til deling av driftseining.

Signatur

du kan som ny eigar sjølv underskrive fråsegna, og du kan ikkje nytte fullmektig. For umyndige personar – personar under 18 år eller umyndiggjorde – må

Konsesjonsfritak ved kjøp av fast eiendom - eigafråsegn

verja også underskrive. Om du gir uriktig fråsegn, kan du bli pålagt innan ein frist anten å omgjere avhendinga eller selje eiendommen til nokon som kan få konsesjon eller ikkje treng konsesjon. Om du ikkje held fristen, kan eiendommen seljast utan varsel etter reglane om tvangssal. Sjå konsesjonslova § 18.

Informasjon

Konsesjonslova av 18. november 2003 slår fast at alle faste eigedomar ein skaffar seg (kjøp/overtaking), og stifting av bruksrett for lengre tid enn 10 år, er underlagt konsesjonsplikt med mindre det er gjort unntak i lova eller i forskrifter fastsette i medhald av lova.

Som tileigning/kjøp reknar ein også tileigning/kjøp av delar eller partar i ein eiendom. Ein tileigning eller eit kjøp er eit uttrykk for alle måter ein kan få ein eiendom på, kjøp, arv, gåve osv.

Konsesjon er eit løyve frå staten. Den som blir ny eigar av eiendommen, er tileignar/kjøpar. Overdragar er førre eigar. Hovudregelen er at du kan tileigne deg/ kjøpe utbygd eiendom som ikkje er større enn 100 dekar og heller ikkje har meir enn 25 dekar fulldyrka/overflatedyrka jord, utan å søkje konsesjon. Det same gjeld tomter til bustad- og fritidsformål, og areal som ikkje er utbygd som er lagt ut til anna enn landbruksformål. Tileigning/kjøp frå nær familie er også friteke frå konsesjonsplikt.

Skjemaet skal stadfestast av den kommunen der eiendommen ligg. Så skal det leggjast ved heimelsdokumentet (skøyte, festekontrakt eller liknande) når dette blir sendt til tinglysing til Statens kartverk. Etter at tileigninga/kjøpet er tinglyst, sender Statens kartverk fråsegna vidare til kommunen, som fører kontroll med at konsesjonslova blir følgd.

I kommunar som har sett konsesjonsfritaket ut av kraft, må du undersøkje om du skal bruke "Eigafråsegn om konsesjonsfritak i kommunar med nedsett konsesjonsgrense".

Kva for tileigningar/kjøp som ikkje krev eigafråsegn, finn du i Forskrift om konsesjonsfrihet § 3.

Opplysningar som blir gjevne i dette skjemaet, kan heilt eller delvis bli nytta av andre offentlege organ som har heimel til å henta inn dei same opplysningane, jf. lov om Oppgaveregisteret §§ 5 og 6.

Opplysningar om kjøpar

Kjøpar er

- ein person
 eit føretak

Org.nr.

Namn på føretaket

Etternamn

Fornamn

Fødselsdato

Adresse

Postnr.

Poststad

E-postadresse

Eiendomen som kjøpet gjeld:

Gnr.

Bnr.

Festenr.

Eigardel

Kommune

Fråsegn frå kjøpar om konsesjonsfritak (ny eigar)

Fråsegn frå kjøpar om konsesjonsfritak på grunn av

- Slektskap/ekteskap/svogerskap/uskifte
 Eiendomens karakter

Konsesjonsfritaket gjeld

- Landbrukseiendom med buplikt
 Annan eiendom

Landbrukseiendom med buplikt
Det må vere kryss i alle tre punkta for å oppnå konsesjonsfritak:
Nær familie <input type="checkbox"/> Eg har overtatt landbrukseiendom frå nær familie.
Landbrukseiendom vil her seie ein eiendom som: - har meir enn 25 dekar fulldyrka og/eller overflatedyrka jord eller meir enn 500 dekar produktiv skog, OG - har bygg som er eller har vore i bruk som heilårsbustad, ELLER - har bygg som er tillaten oppført som heilårsbustad, men som ikkje er teken i bruk som det, ELLER - har bygg under oppføring der løyve er gitt til oppføring av heilårsbustad.
Busetting <input type="checkbox"/> Eg er kjend med at eg må søke konsesjon dersom eg ikkje sjølv skal busette meg på eiendomen innan eitt år og bu der i minimum 5 år.
Konsesjonsforhold <input type="checkbox"/> Eg er kjend med at konsesjonsfritaket er betinga av at seljar/arvelatar har sitt konsesjonsfritak i orden.
Set kryss ved dei punkta som passsr: <input type="checkbox"/> Eg har overteke eiendomen frå ektefelle, partnar eller sambuar, eventuelt som arv eller i uskifte. <input type="checkbox"/> Eg har odelsrett til eiendomen. <input type="checkbox"/> Eg er i slekt med - eller svoger/svigerinne til - seljar/arvelatar.
Eg er i slekt på følgjande måte:

Annann eiendom
Det må vere kryss i begge punkta for å oppnå konsesjonsfritak:
Nær familie <input type="checkbox"/> Eg har overteke eiendom frå nær familie som ikkje er landbrukseiendom med buplikt.
Konsesjonsforhold <input type="checkbox"/> Eg er kjend med at konsesjonsfritaket er betinga av at seljar/arvelatar har sitt konsesjonsfritak i orden.
Set kryss ved dei punkta som passsr: <input type="checkbox"/> Eg har overteke eiendomen frå ektefelle, partnar eller sambuar, eventuelt som arv eller i uskifte. <input type="checkbox"/> Eg er i slekt med - eller svoger/svigerinne til - seljar/arvelatar.
Eg er i slekt på følgjande måte:

Konsesjonsfrihet - eiendommens karakter
Konsesjonsfritaket gjeld <input type="checkbox"/> Utbygd areal jf. § 4 første ledd nr. 4. <input type="checkbox"/> Ikkje utbygd tomt til bustad eller fritidsformål, jf. § 4 første ledd nr. 1. <input type="checkbox"/> Ikkje utbygd tomt for bustad- eller fritidsformål i eit område som er lagt ut til utbygging og anleg, jf. § 4 første ledd nr. 2. <input type="checkbox"/> Andre ikkje utbygde areal, jf. § 4 første ledd nr. 3.

Utbygd areal
Det må vere kryss i begge punkta for å oppnå konsesjonsfritak:
Eigedom <input type="checkbox"/> Eiendomen er utbygd, er ikkje større enn 100 dekar totalt og har ikkje meir enn 25 dekar fulldyrka og/eller overflatedyrka jord.
Konsesjonsfritak <input type="checkbox"/> Eg er kjend med at konsesjonsfritaket er betinga av at eg ikkje gjer nokon bruksendring i strid med plan.

Ubebygde tomt til bolig eller fritidsformål
Det må krysses av i begge punktene for å oppnå konsesjonsfrihet:
Tomt <input type="checkbox"/> Tomta er ikkje større enn 2 dekar og er godkjent frådelt etter plan- og bygningsloven og jordlova.
Konsesjonsfritak <input type="checkbox"/> Eg er kjend med at konsesjonsfritaket er betinga av at tomte blir utbygd innan 5 år.

Ikkje utbygde tomt til bustad eller fritidsformål i område lagt ut til utbygging og anlegg.
Det må krysses av i begge punktene for å oppnå konsesjonsfrihet:
Tomt <input type="checkbox"/> Tomta ligg i området som i kommuneplanen sin arealdel eller reguleringsplan er lagt ut til utbygging og anlegg. Tomteinndelinga er gjort og godkjent av bygningsmyndighetene.
Konsesjonsfritak <input type="checkbox"/> Eg er kjend med at konsesjonsfritaket er betinga av at tomte blir utbygd innan 5 år.

Andre ikkje utbygde areal
Det må krysses av i begge punktene for å oppnå konsesjonsfrihet:
Tomt <input type="checkbox"/> Arealet ligg i område som i reguleringsplan er regulert til anna enn LNFR, eller som i kommuneplanen sin arealdel er lagt ut til utbygging og anlegg.
Konsesjonsfritak <input type="checkbox"/> Eg er kjend med at konsesjonsfritaket er betinga av at eg ikkje gjer nokon bruksendring i strid med plan.

Fråsegn og underskrift
Signaturen til kjøpar (ny eigar) og kjennskap til straffeansvar
Fråsegn <input type="checkbox"/> Eg er kjent med at det etter straffelova § 189 er straffbart å gi uriktig erklæring.
Dato
Underskrift kjøpar
Har seljar verje? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
Underskrift verje

Kommunen stadfester
Kommunen stadfester for kvart enkelt punkt: <input type="checkbox"/> Punkt 3 - Seljar har sitt konsesjonsforhold i orden. <input type="checkbox"/> Punkt 4 - Seljar har sitt konsesjonsforhold i orden og det er ikkje buplikt på eigedomen. <input type="checkbox"/> Punkt 5 - Eigedomen er utbygd, er ikke større enn 100 dekar totalt og har ikkje meir enn 25 dekar fulldyrka og/eller overflatedyrka jord, jf. § 4 første ledd nr. 4. <input type="checkbox"/> Punkt 6 - Tomta er ikkje større enn 2 dekar og er godkjent frådelt etter plan- og bygningsloven og jordlova, jf. § 4 første ledd nr. 1. <input type="checkbox"/> Punkt 7 - Tomta ligg i område som i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan er lagt ut til bebyggelse og anlegg. Tomteinndeling er foretatt eller godkjent, jf. § 4 første ledd nr. 2. <input type="checkbox"/> Punkt 8 - Arealet ligg i område som i reguleringsplan er regulert til anna enn LNFR, eller som i kommuneplanen sin arealdel er lagt ut til utbygging og anlegg. <input type="checkbox"/> Salet fører ikkje til deling av driftseining, jf. jordlova § 12 fjerde ledd.
Kommunen skal alltid undersøke om ervervet fører til ulovlig deling av driftsenhet, jf. jordlova § 12 fjerde ledd. Ervervet kan ikke tinglyses hvis kommunens bekreftelse mangler. Kommunen må videre bekrefte at ervervet er konsesjonsfritt. Hvis erverver har krysset av for slektskapsunntaket under Annen eiendom, må kommunen bekrefte at det ikke er boplikt på eiendommen.
Dato
Underskrift kommune